

Spanderer 1200 Chess-billetter

Aker Kværner Elektro feirer 60 årsjubileet si med ei ekstraframvisning av Chess i Moster Amfi på tysdag.

[Publisert: 11.08.06 kl. 13:23]

[Oppdatert: 11.08.06 kl. 13:50]

Aker Kværner Elektro blei starta for 60 år sidan i Sagvåg. På tysdag tek verksemda med seg tilsette, kundar og opp mot ti ordførarar og andre representantar frå det offentlege for å markera jubileet i Moster Amfi.



Aker Kværner er sponsor for førestillinga, og Aker Kværner Elektro skal ha betalt for alle dei 1200 billettane til ekstrarførestillinga.

Administrerande direktør Tore Engevik gler seg:

- Eg legg ikkje skjul på at me lar oss imponera av dei store musikaloppsettingane dei har klart å få til.